

Sak 37-22 Budsjet 2023

Styret rår representantskapet i VØR til å gjere slikt vedtak:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1.0 Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2023.

1.1

Artikkel	Renovasjon	Eks mva	Inkl. mva
1/20400	Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)	Kr 3219,20	Kr 4024,00
1/20402	Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)	Kr 5794,40	Kr 7243,00
1/20403	Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)	Kr 2576,00	Kr 3220,00
1/20404	Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 8369,60	Kr 10462,00
1/20406	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard, pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)	Kr 2897,60	Kr 3622,00
1/20407	Renov. samarbeid 240L/340L/660L, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660 L rest)	Kr 3058,40	Kr 3823,00
1/20408	Renov. samarbeid storhushald ekstra, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4346,40	Kr 5433,00
1/20409	Renovasjon nedgrave felles container	Kr 3219,20	Kr 4024,00
1/20422	Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.	Kr 1609,60	Kr 2012,00
1/20410	Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 3219,20	Kr 4024,00
1/20412	Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)	Kr 5794,40	Kr 7243,00
1/20413	Renov. kompostering pluss (240 L papir, 140 L rest)	Kr 2576,00	Kr 3220,00
1/20414	Renov. storhushald ekstra pluss (440 L papir, 340 L rest)	Kr 8369,60	Kr 10462,00
1/20416	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2897,60	Kr 3622,00
1/20417	Renov. samarbeid 240/340/660 L pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 3058,40	Kr 3823,00
1/20421	Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4346,40	Kr 5433,00
1/20436	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 140 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 4334,40	Kr 5418,00
1/20437	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 240 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 7.965, 00	Kr 9.956,25
1/20438	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 340 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 11.921,00	Kr 14.901,25
1/20439	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 660 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 19.861,00	Kr 24.826,25
1/20420	Renov. Pr. hybel	Kr 1609,60	Kr 2012,00
1/20431	Fritidshus 50 % kategori 1. med levering fellespunkt	Kr 1609,60	Kr 2012,00
1/20432	Fritidshus 30 % kategori 2. med levering fellespunkt	Kr 966,40	Kr 1208,00
1/20433	Fritidshus 10 % kategori 3. med levering fellespunkt	Kr 322,40	Kr 403,00
1/20428	Renov. fritidsbustad med eigne behaldarar	Kr 2576,00	Kr 3220,00
1/20440	Ekstra nøkkel-/kort for nedgrave anlegg	Kr 264,00	Kr 330,00
1/20419	Henteavtale.	Kr 524,80	Kr 656,00
1/20430	Ekstra sekk til restavfall	Kr 80,00	Kr 100,00

1/20911	Sakshandsamingsgebyr ved fornya søknad om fritak for gebyr innsendt etter utløpet av fritaksperioden, når faktura er utsendt.	Kr 660,00	Kr 825,00
1/20912	Sorteringsgebyr ved omklassifisering av avfall til restavfall, pr. 100 L sekk.	Kr 180,00	Kr 225,00
1/20913	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement etter fritak inkl. klargjering og utkøyring av behaldarsett og posar.	Kr 977,60	Kr 1222,00
1/20914	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement. Klargjering og merking for henting behaldarsett på VØR.	Kr 460,00	Kr 575,00
1/20915	Bytte av einskildbeholdar ved endring i abonnement. Pr bytte. Klargjering og merking for henting på VØR	Kr 294,40	Kr 368,00
	Bytte av einskildbeholdar ved endring i abonnement. Klargjering, merking og utkøyring av VØR. Pr bytte.	Kr 694,40	Kr 868,00
1/20443	Ekstra tilkøyring etter avtale. For tøming reknast 1/20430 pr. 100 L sekk, uavhengig av fraksjon.	Kr 230,40	Kr 288,00
1/20444	Eigen behaldar for sekkar til plastemballasje, 140 L	Kr 264,00	Kr 330,00
	Gravitasjonslås på 140 el. 240 L	Kr 556,00	Kr 695,00

1.2	Kloakkslam	Eks mva	Inkl mva
1/20460	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tøming.	Kr 1206,40	Kr 1508,00
1/20463	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tøming.	Kr 2412,80	Kr 3016,00
1/20464	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tøming	Kr 603,20	Kr 718,00
1/20469	Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3	Kr 592,80	Kr 741,00
	Kloakkslam – tett tank		
1/20468	Tøming av tank inntil 6,0 m3.	Kr 3097,60	Kr 3872,00
1/20474	Tøming av tett tank for fritidsbustad utan innlagt vatn	Kr 1548,80	Kr 1936,00
1/20470	Tøming pr. m3 for tankar over 6 m3	Kr 630,40	Kr 788,00
	Kommunale fellestankar		
1/20472	Gebyr pr. m3 for årleg tøming > 4,5 m3	Kr 553,60	Kr 692,00
1/20484	Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3	Kr 276,80	Kr 346,00
	Tillegg til tømepris		
1/20486	Tilkøyring ved naudtøming (innafor 24 timar)	Kr 2214,40	Kr 2768,00
1/20487	Tilkøyring ved ekstratøming	Kr 1534,40	Kr 1918,00
1/20488	Tøming med minislamsugar. *	Kr 1534,40	Kr 1918,00
1/20492	Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.	Kr 1912,00	Kr 2390,00
1/20491	Tøming og levering til deponi på grunn av framandelement i tanken: Tømepris art.1/20460 pluss køyring art. 1/20474 til og frå deponi.	Kr 14.834,40	Kr 18.543,00
1/20493	Trafikkdirigering dersom tømebil må stå på offentleg veg under tømeprøss.	Etter rekning.	

Tøming av tankar i tråd med renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta kommunar.

*Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr, jf. Ren.forskr.§ 14d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

3. Representantskapet godkjenner gebyrfinansierte låneopptak knytt til investeringar i utstyr på til saman 8,5 mill.kr, innanfor ramma i selskapsavtalen § 12.

Saksutgreiing:

Kommunestyra vedtek renovasjonsgebyra for komande år, etter tilråding frå representantskapet i VØR. Renovasjon standard er foreslege auka med kr 124,- eller 4,0 % frå 2022 til 2023. Dei andre satsane aukar høvevis. Gebyret renovasjon standard blir etter dette kr. 3219,20 ekskl. mva.

Kommunestyra er VØR sin eigar. Og i denne budsjettsaka rapporterer vi derfor om oppnådde miljømål og kva representantskapet har som mål og plan for dei komande åra.

Status miljømål og planar for 2023.

Representantskapet har vedteke mål for materialgjenvinning på 60 % innan 2025, og at klima skal vere eit gjennomgåande perspektiv i all drift og planlegging. Dette for å følgje opp nasjonale mål.

Miljødirektoratet har vedteke å endre målepunktet for materialgjenvinning frå 2025 frå ut frå innsamlingsselskap (VØR) til ut frå gjenvinningsbedrift. For VØR inneber det at innslag av restavfall eller uønskte andre avfallstypar i det som skal vere reint papir, plast eller glas- og metallemballasje som vert sendt gjenvinningsbedrift, vil redusere materialgjenvinninga i høve «2010-19 måten» å registrere gjenvinning på. Der ein tidlegare kunne operere med inn til 3 % prosent «andre fraksjonar» innblanda, har mottakar av gjenvinningsfraksjonar no 0-toleranse for innblanding av avfall.

Via sine etablerte kvalitetssystem, sporar mottakarane kvar einskild papir- eller plastbunt tilbake til leverandør. Konsekvensen viser att på gjenvinningsgraden til VØR: VØR nådde 54,4 % materialgjenvinning i 2021, ned frå 58,6 % i 2020 og 61,4 % i toppåret 2019.

I 2022 er kvalitet derfor satsa enda sterkare på for å oppnå måla til Representantskapet og krava frå industrien som tek i mot papir/plast/glas-metallemballasje frå VØR. Innsatsen må settast inn i innsamlinga. Vi ser at det blir for kostbart å sortere i etterkant og opplever at berre små mengder matavfall innblanda i papiret, grisar til mykje og gjer det ueigna til gjenvinning.

Alt uønska avfall i papir, plast, mat eller glas-/metallemballasje må derfor bort, før det går inn i innsamlingsbilane. Sorteringa må utførast ved kjelda.

I september 2022 la VØR om innsamlinga av plast, ved at abonnentane no heng plastsekken sin på ein krok på handtaket på papirbeholdar, i tillegg til at innhaldet i papirbeholdar vert kontrollert.

Plastsekkar som inneheld restavfall vert ikkje tatt med, heller ikkje papirbeholdarar med restavfall i. Dermed oppnår ein både reinare papir og reinare plast.

Vi trur på å ansvarleggjere den enkelte abonnent som står for avvika, heller enn formaningar til dei mange som alt gjer ein god jobb. Då VØR på tidleg 2000-tal hadde blåsekk og tilsette bak på bil som tømde og kontrollerte innhald, så var levert papir veldig reint. Abonnenntar som prøvde å levere ureint innhald, opplevde at sekken stod att utømd.

I budsjettet for 2023 legg vi opp til å rasjonalisere innsamlinga, ved å lease ein to-kammer renovasjonsbil, som tek både plast og papir på same innsamlingsrunden. Vi må ha personale bak på bilen som tømmer og kontrollerer innhaldet i behaldar, men vi sparer ein innsamlingsbil. Det er lang leveringstid på bilar for tida, og i budsjettet håper vi på levering i slutten av 2023. Vidare investerer vi i dei nedgravne anlegga, ved at det blir innført ein eigen container for plastavfall. Dagens nedgravde brønn for matavfall og glas/metall, blir bytta ut med ein felles med delt kammer. Plassen som vert frigjort blir nytta til kammer for plastemballasje.

Mål for økonomiplanperioden 2023-2027.

I perioden vil mål om minst 60 % materialgjenvinning ut frå gjenvinningsbedrift, saman med tiltak for å redusere klimautslepp, ha størst fokus.

Auka materialgjenvinning inneber at fleire fraksjonar må utsorterast frå restavfallet eller gå frå energigjenvinning til materialgjenvinning. I september 2022 starta vi derfor opp med utsortering av hardplast på miljøstasjonen, og vi starta med å sende trevirke til materialgjenvinning (sponplateproduksjon). Dette skal redusere energi- og auke materialgjenvinninga. Marknadsføring og implementering av tilbodet vil vere i viktig i 2023.

Reduserte klimautslepp handlar i stor grad om å optimalisere bruk av energi i bygg og transport. Oppvarming i bygg på VØR avd. Melsgjerdet gjeld kontor og minimumsvarme i hallar for å sikre at brannsløkkjeanlegg er frostfrie. Oppvarmingskjelda til kontora er luft til vatn-varmepumpe og ventilasjonsanlegg som slår på varme ved fare for frost. Elles avslått.

I Torvmyrane er det på kontoret el oppvarming via golvvarme og ventilasjonsanlegg. Det kan og bør gjerast meir klimavennleg, og må takast ved framtidig renovering av bygget. Nyedelen er no 16 år, og gamledelen 32 år. I underetasjen er det tre garasjeløp utan oppvarming og eitt med varmepumpe.

På transportsida er det optimalisering av innsamlingsruter, bruk av lastbærar og utnytting av tillaten totalvekt på vegnettet som gjeld for å få ned klimautsleppa. Auka vekt pr bil gir redusert bruk av transport fram og tilbake til omlastingsanlegget. Auka vekt på uttransport, reduserer tal transportar.

Her kan kommunane som eigarar på si side også legge betre til rette for VØR, ved å auke akseltrykket på kommunale vegar for innsamlingsmateriellet. Begge kommunane bør ha plan for å kunne klassifisere opp sine vegar til 10 tonn akseltrykk, og å ruste opp flaskehalsar som t.d. bruer. Her er ein på rett kurs ved at mykje har skjedd i seinare år, men mykje står og att.

Anlegga både på Melsgjerdet og i Torvmyrane er bygt for å handtere 25 meters vogntog med 60 tonn totalvekt. Her bør Ørsta kommune legge til rette slik at begge vegstrekningane frå våre anlegg fram til E39 får 60 tonn totalvekt, slik at tillaten lengde og totalvekt for tømmertransport gjeld all transport.

Innafor dagens regelverk legg vi opp til å optimalisere transport via komprimeringsteknologi. Utstyr for pressing av papir, papp og plast i ballar vert montert i haust og vil vere i drift i heile 2023. Det skal såleis gi effekt på VØR sitt klimarekneskap frå same år. Effekten kan vi eksemplifisere slik: ei kasse til Ålesund med laus plast tar med 2,3-2,8 tonn plast, dvs 5,0 tonn pr tur. Ein tilsvarande tur med balletert plast tar med 18 tonn, dvs. 3 turar spart. For papp og papir vil vi spare ein av to turar.

Utfasing av fossil energi: bruk av klimanøytralt drivstoff er noko prematurt for storbilar, med unntak av bilar som går på biogass. Det er her ikkje infrastruktur for eller produsentar av dette i vårt område.

VØR si tilnærming til kvalitetssatsing er å vere faktaorientert, til dømes ved å ha faktisk kunnskap om avfallet som vert samla inn. Vi vidarefører derfor årlege plukkanalyser om kva VØR tek imot.

Innretting av gebyrregulativet sterkare mot brukarbetaling, vil og vere tiltak som skal understøtte dei overordna måla. I 2022 innførte vi gebyr for utlevering av behaldarar, slik som SSR har. Det har vore med på å redusere tid og køyrde kilometer med varebil. Overforbruket av denne tenesta er no borte.

Framover vert det planlagt digitalisering knytt til informasjon om tømningane og kommunikasjon med abonnentane ved avviksrapportering. Ein føresetnad for det er at den enkelte behaldar då må ha unik merking. Den kan lesast av utstyr på bilane, som registrerer bruken av behaldar og dokumentasjon av innhaldet i behaldar ved avvik. Vi planlegg merking av alle behaldarar med Rfid i 2023 og innføring i 2024.

Miljødirektoratet ber oss satse på betalingssystem som sterkare enn i dag skal motivere innbyggerane til sortering. Om dette skal innførast, vert å ta stilling til ved forskriftsrevisjon.

VØR sine ordningar samanlikna med våre naboar.

For hovudfraksjonane mat-, rest-, plast- og papiravfall har vi lik hentefrekvens med NOMIL og SSR. VØR har innsamlingsordning for farleg avfall via raud boks, noko dei andre ikkje har. Likeins har NOMIL og VØR innsamling av glas- og metallemballasje i eigen behaldar, noko SSR ikkje har innført. SSR har på sin side frie mengder papp, papir og plast ved sidan av behaldar på hentedag. Alle tre selskapa har betalingsordning ved levering av grovavfall.

SSB oppgir slikt standardgebyr i 2022 til kommunane rundt oss (eks .mva):

- Stad / Nomil kr 3476,80
- Stranda kr 4095,-
- Sula kr 3859,-
- Herøy kr 3545,-
- Volda/ Ørsta kr 3095,20

Biogass

Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med samarbeidspartar, er vidareført i 2023.

Løyvesøknaden er i skrivande stund til handsaming hos Statsforvaltar.

Om gebyra og økonomien til selskapet.

Sjølvkostfondet renovasjon

Vi har eit opparbeida positivt sjølvkostfond på 8.009.061,- pr 31.12.2021 frå åra 2020 og 2021 som er planlagt brukt i 2023 og 2024. Planlagt underskot 2023 er kr 4.799.986,-.

Inntektene.

Renovasjon standard aukar med kr 124,- eller 4,0 % frå 2022 til 2023. Dei andre satsane aukar høvevis. Gebyret renovasjon standard blir etter dette kr. 3219,20 ekskl. mva.

Vi ventar ein liten auke i abonnement i 2023, grunna venta vekst i folketalet.

Inntektene frå sal av reine avfallsfraksjonar er vurderte ulikt i høve type. Glas- og metallmengdene ventar vi aukar med stabile prisar. Plastemballasje ventar vi flatar ut med stabil pris. Av papir har vi

inntektsført auke med 0,5 mill. kr når vi no skal presse sjølve, men her er ein prisgitt konjunkturane og internasjonal prissetting som varierer igjennom året og frå år til år. Summen er såleis usikker.

Slam

Det er innsamling berre av tette tankar og for dei med årleg tømning i 2023. Sjølvkostfondet var negativt på - kr 2.176.111,- ved årsskiftet 2021/22. Vi tilrår auke og av slamgebyr med 4 %.

Kostnadane

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av nye avtalar vi har ved vidarelevering, og prognose for mengdene med avfall vi har pr. august 2022.

Årslønsveksten frå 2022 til 2023 er sett til 3.9 % i tråd med lønsoppgjeret 2022. Det er ikkje lagt opp til vekst i tal årsverk i 2023. Reguleringspremie pensjon på nivå med 2022.

Andre kostnader er krevjande å spå om. Det er usikre tider med høg global energipris og varierende råvareprisar. Transportindeksen storbil auka i januar 2022 med 8,1 %. Etter anbudsrunde auka til dømes leveringskostnadane for matavfall med 21 % i høve til tidlegare kontrakt. For restavfallet var tilsvarande auke på 11 % . Året 2023 kan bli like krevjande i høve prisregulering.

Av nye tiltak har vi lagt inn rente og avskrivning frå utskifting av nedgravne anlegg for å få eigen tank til plastavfallet. Vidare heilårseffekt av drift og avskrivning av mottaksanlegg på Melsgjerdet 3.

Rente er sett til 4,6%, slik siste signal om rentenivå for 2023 er frå Kommunalbanken.

Alle brannane i avfallsbransjen aukar forsikringspremie for bygg også for oss med ca. 300 % i høve 2022. Anlegget på Melsgjerdet er fullsprinkla med infraraud kamera deteksjon av varmeutvikling og tidlegvarsling. Anlegget er vidare utstyrt med oppsamlingskum for sløkkjeinfisert brannvatn.

Også i Torvmyrane må dette etter kvart på plass. Der er avfallsanlegg i Noreg som no ikkje får forsikra anlegga sine ifølgje bransjeopplysningar grunna for dårlege tiltak mot brann, og VØR må ikkje kome i den situasjonen at ein vert pålagt å vere sjølv-assurandør av anlegget i Torvmyrane. Arbeidet med å etablere dette og ein del andre oppgraderingstiltak i Torvmyrane er kalkulert til 30 mill kr. Oppstart prosjektering i 2023.

Oppsummert så er verda rundt oss uroleg, og det er derfor vanskelegare enn tidlegare å spå om korleis ulike kostnadselement vil utvikle seg framover. Det positive er at ein har eit sjølvkostfond som kan ta noko av støyten om det kjem store negative overraskingar.

Investeringar – nye tiltak.

Året 2023 vert eit kvileår i høve bygginvesteringar. Hjullastar bestilt i 2022 vert levert i 2023 og må finansierast. Likeså er det planlagt utskifting av nedgravne avfallsbrønnar, slik at abonnentar som soknar til slike anlegg får same tilbodet om plastsortering som dei med behaldarar.

Vidare er det avsett midlar til brannprosjektering pluss div.programvare og behaldar.

Hans Peter Eidseflot
Dagleg leiar

Petter Bjørdal
Rådgjevar

Vedlegg: Budsjettet 2023 –taldel.

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Budsjettert resultatregneskap	2 023	Resultat 2 021
Driftsinntekter		
Salsinntekter	44 579 635	41 460 689
Annan driftsinntekt	30 000	105 367
Fra fond hushaldning og slam	-	-
	<u>44 609 635</u>	<u>41 566 056</u>
Driftskostnader		
Beholdningsendringar		390 137
Varekostnader	-152 000	-478 256
Lønskostnad	-15 220 207	-12 249 091
Avskrivning	-6 376 520	-2 714 151
Annan driftskostnad	-22 650 752	-24 304 031
Sum driftskostnader	<u>-44 399 479</u>	<u>-41 355 393</u>
Driftsresultat	<u>210 156</u>	<u>210 663</u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	350 000	291 343
Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel		
Annen rentekostnad	-5 360 142	-1 563 984
Annen finanskostnad		-
Netto finansposter	<u>-5 010 142</u>	<u>-1 272 641</u>
Resultat etter finans inntekt-/kostnader		
Ordinært resultat før skattekostnad	-4 799 986	-1 061 978
Skattekostnad		216 621
Årsresultat	<u>-4 799 986</u>	<u>-845 357</u>
Årsoppgjerdissposisjonar		
Frå fond slambehandling		4 449 649
Til fond hushaldning		-4 495 626
Overført frå annan egenkapital		891 333
Sum disponeringer	<u>-</u>	<u>845 356</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

	Resultat	
Balanse	2 023	2 021
EIGEDELAR		
Anleggsmidler		
Utsett skattefordel		325 344
<i>Varige driftsmidler</i>		
Immaterielle egedelar		30 809
Tomter, bygningar, annan fast eigedom		78 677 523
Driftslausøyre, inventar, verktøy kontormaskiner		7 092 570
Sum varige driftsmidler	<u>-</u>	<u>86 126 246</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>		
Investeringar i aksjar og andelar		1 397 268
Sum anleggsmidler	<u>-</u>	<u>87 523 514</u>
Omløpsmidlar		
Varelager		594 958
<i>Fordringar</i>		
Kundefordringar		1 357 443
Andre fordringar		3 514 467
Sum fordringar	<u>-</u>	<u>4 871 910</u>
Bankinnskot, kontantar og lignende		32 850 245
Sum omlaupsmidler		<u>38 317 113</u>
SUM EIGEDELAR	<u>-</u>	<u>125 840 627</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

	Resultat	
Eigenkapital og gjeld	2 023	2 021
Eigenkapital		
Opptent egenkapital		
Fond slamhandsaming		-2 176 111
Fond hushaldning		8 009 061
Annan egenkapital		13 462 763
Sum egenkapital		19 295 713
SUM EIGENKAPITAL		19 295 713
GJELD		
Avsetning til forpliktingar		
Utsett skatt		-
Sum avsetningar til forpliktingar		-
Annan langsiktig gjeld		
Gjeld til kredittinstitusjonar		99 047 691
Sum annan langsiktig gjeld		99 047 691
Sum langsiktig gjeld		99 047 691
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld		5 281 163
Betalbar skatt		-
Skuldige offentlege avgifter		516 475
Annan kortsiktig gjeld		1 699 585
Sum kortsiktig gjeld		7 497 223
Sum gjeld		106 544 914
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		125 840 627

VØR	2 020	BUDSJETT			RESULTAT	
KONT	KONTONAMN	HUSHALDNING	UTLEIGE	SLAM	2 023	2 021
3000	Hushaldningsgebyr, Volda	-17 386 452			-17 386 452	-15 381 362
3001	Hushaldningsgebyr, Ørsta	-16 254 132			-16 254 132	-14 757 324
3002	Kontantsal	-2 100 000			-2 100 000	-2 296 583
3015	Leigeinntekt fast eigedom		-1 742 026		-1 742 026	-1 426 704
3016	Leigeinntekt arbeidstenester		-962 400		-962 400	-764 447
3017	Leigeinntekter maskiner / utstyr		-1 704 000		-1 704 000	-1 611 828
3018	Sal av avfall		-1 428 000		-1 428 000	-2 750 431
3020	Sekkesal og kolli		-4 000		-4 000	-3 853
3034	Div avfall lev på vekt		-20 000		-20 000	-16 386
3036	Sal av farleg avfall		-144 000		-144 000	-362 735
3037	Sal av farleg avfall		-160 000		-160 000	-6 678
3038	Sal av hageavfall		-90 000		-90 000	-90 112
3040	Gebyr, slam Volda			-1 216 184	-1 216 184	-1 356 034
3041	Gebyr, slam Ørsta			-1 745 142	-1 745 142	-1 590 260
3054	Sal av glass, metall	-285 566	-50 394		-335 960	-280 389
3055	Sal av plast,	-172 600			-172 600	-212 914
3057	Sal av papp og papir	-547 400	-96 600		-644 000	-145 396
3060	Diverse inntekter	-133 320	-60 600	-8 080	-202 000	-113 473
3085	Ref. spillolje	-13 440	-31 360		-44 800	-15 633
3095	Sal av anleggsmidler					
3110	Salsinntekt, avgiftsfri					-2 510
3240	Påløpt slaminntekt Volda			850 200	850 200	809 476
3241	Påløpt slaminntekt Ørsta			925 861	925 861	914 885
3290	Div. inntekt påløpt					-18 218
3800	Gev. Sal av anl.midd					-14 348
3900	Anna driftsrelatert inntekt	-19 800	-9 000	-1 200	-30 000	
SUM DRIFTSINTEKTER		-36 912 710	-6 502 380	-1 194 546	-44 609 635	-41 493 257

VAREKOSTNADER

Forbruk av innkjøpte varer for sal

4040	Kjøp diesel					
4303	Diverse kjøp for vidaresal		52 000		52 000	
4390	Beholdn.endr sekkar					-390 137
4500	Underentreprise	100 000			100 000	478 256
<i>Løn til tilsette</i>						
5010	Faste løner	7 030 319	1 027 824	164 452	8 222 595	7 850 359
5020	Ekstrahjelp	873 968	102 533		976 500	1 010 944
5030	Overtid	513 000	75 000	12 000	600 000	489 858
5090	Feriepengar	1 130 786	165 320	26 451	1 322 557	1 171 250
5190	Påløpte feriep					-23 126
5210	Telefon fri	-				
5250	Egen pensjonspremie	-				
5251	Gruppeliv	-				
5254	Pensjonspremie					
5311	Bilgodtgjersle avg.pl.	-				625
5320	Kostgodtgj. Tr.pl					410

Anna godtgjersle

KONT	KONTONAMN	HUSHALDNING	UTLEIGE	SLAM	2 023	2 021
5330	Godtgjersle styre og repskap	154 652	22 610	3 618	180 880	165 879
5390	Andre oppgavepl ytelser	8 550	1 250	200	10 000	
	<i>Arbeidsgivaravgift og pensjon</i>	-		-		
5400	Arbeidsgjevaravgift	1 342 013	196 201	31 392	1 569 606	1 586 451
5405	Arb.gj.avg. av påløpte feriep	155 886	22 790	3 646	182 323	161 885
5420	Innber pl.pensjonspremie	-		-		65 088
5700	Ref lønn					
5750	Lærlingetilskot					
5800	Sjukepengar, refusjon	-855	-125	-20	-1 000	-287 823
5890	Andre refusjonar					-91 638
5820	Refusjon arb.avgift					
5900	Gåve frådr.				5 000	2 744
5901	Gåve ikkje frådr.					
5915	Overtidsmat tilsette	72 000			72 000	70 944
	<i>Annan personalkostnad</i>					
5916	Møteknader	6 669	975	156	7 800	4 494
5920	Garanti/ulukkestr, gruppeliv pers	41 553	6 075	972	48 600	49 467
5941	Opplysning og utvikl. - fond	-	-	-		14 775
5950	Pensjonspremie	1 547 373	226 224	36 196	1 809 793	1 863 811
5951	Pensjonspremie, eigenkapital	38 948	5 694	911	45 553	
5960	Gruppeliv	25 650	3 750	600	30 000	25 820
5990	Sosiale knader,		90 000		90 000	75 229
5991	Bedriftshelsetenesta	41 040	6 000	960	48 000	41 646
	<i>Av og nedskrivning</i>					
6000	Avskrivning anlegg	2 697 654	1 475 279	42 151	4 215 084	848 539
6015	Avskrivning teknisk utstyr	1 446 922	680 905		2 127 827	1 832 003
6020	Avskrivning immaterielle egedelar				33 609	33 609
	<i>Frakt /transportkostn.</i>					
6108	Transport matavfall 2 halvår				-	
6109	Strandrydding		20 000		20 000	22 057
6110	Transport blanda restavfall	-	-		-	
6111	Transport grovavfall	57 700			57 700	54 094
6112	Transport farleg avfall	19 975	3 525		23 500	56 105
6113	Transport papp-Torvm.-Melsgj.	25 000			25 000	
6114	Transport glas	162 000			162 000	167 030
6115	Transport slam			946 850	946 850	876 714
6116	Div transport	24 000			24 000	28 225
6117	Transport hageavfall	173 400	30 600		204 000	260 739
6118	Transport EPS	-			-	
6119	Transport bygderydding	90 000			90 000	88 470
6120	Forbrenning	2 912 000	1 248 000		4 160 000	3 886 963
6121	Levering uorganisk/trevirke	785 000			785 000	814 470
6122	Levering farleg avfall	664 700	117 300		782 000	745 466
6123	Levering av papir/papp	-	-		-	218 268
6124	Levering hageavfall	-	-		-	162 500
6129	Levering plast	-	-		-	154 114
6124	Levering matavfall	2 685 000			2 685 000	2 445 552
	<i>Kostnader til tomt og lokale</i>					
6300	Grunnleige, Alida			-	-	
6320	Kommunal avgifter	93 574	53 690	6 136	153 400	21 683

KONT	KONTONAMN	HUSHALDNING	UTLEIGE	SLAM	2 023	2 021
6340	Lys og varme	235 200	168 000	16 800	420 000	225 217
6360	Reinhold	148 108	84 980	9 712	242 800	132 809
6390	Anna kostnad lokale					27 274
	<i>Leigde maskiner og liknande</i>					
6400	Innleige maskin/arbeidshjelp	10 000			10 000	
6410	Innleige innventar	51 400			51 400	52 263
6420	Innleige datasystem	285 480	163 800	18 720	468 000	275 363
6440	Leige transport og eller maskiner	20 000	5 000		25 000	20 904
6441	Leasing transportmiddel	1 860 442	465 110		2 325 552	1 668 425
6450	Innleige container	5 000			5 000	
6490	Andre leigekostnader	277 100			277 100	
	<i>Ikkje aktivert verktoy og inventar</i>					
6510	Verktøy og utstyr	10 000			10 000	7 466
6530	Vedlikehald slam					
6540	Inventar	48 000		2 000	50 000	54 102
6550	Driftsmateriale	180 000			180 000	142 686
6551	Datautstyr	30 000			30 000	9 648
6552	Leige av programvare	475 200	216 000	28 800	720 000	700 151
6553	Papirsekkar + returplastsekkar	385 190			385 190	672 297
6559	Kjeldesorteringsutstyr				30 000	30 292
6570	Verneutstyr og arbeidskle	163 350		1 650	165 000	172 947
	<i>Reparasjon og vedlikehald</i>					
6600	Vedlikehald adm bygg	29 500	18 500	2 000	50 000	144 134
6610	Vedlikehald, miljøstasjon	114 000			114 000	72 428
6615	Vedlikehald lagerhall	23 100	9 900		33 000	92 743
6616	Vedlikehald sorteringshall		30 000		30 000	29 517
6620	Vedlikehald, maskiner/utstyr	200 000	50 000		250 000	137 087
6621	Vedlikehald papirpresse				100 000	
6650	Vedlikehald containerar	66 400	13 600		80 000	104 743
6660	Vedlikehald uteområdet	91 000	39 000		130 000	217 109
6690	Vedlikehald slamdeponi					3 996 700
	<i>Framand teneste</i>					
6700	Revisjon	15 840	7 200	960	24 000	20 805
6705	Rekneskap	-	-	-	-	
6710	Administrasjonsskostnader	-	-	-	-	
6790	Andre honorar	330 000			330 000	193 680
	<i>Kontorkostnad</i>					
6800	Kontorutgifter - trykksaker og lignenc	19 800	9 000	1 200	30 000	26 857
6810	Support/ datakostnader	105 600	48 000	6 400	160 000	142 471
6820	Trykksaker					
6840	Aviser/tidsskrift	18 480	8 400	1 120	28 000	30 709
6860	Kurs og konferansar	86 400		3 600	90 000	83 330
	<i>Telefon, porto</i>					
6900	Elektrisk kommunikasjon / fiber	129 600		5 400	135 000	101 517
6940	Porto	63 360		2 640	66 000	85 317
	<i>Kostnad transport og mask.utstyr</i>					
7000	Drivstoff bil	1 062 400	217 600		1 280 000	1 079 050
7012	Drivstoff anleggsmaskin	280 000	70 000		350 000	206 081

KONT	KONTONAMN	HUSHALDNING	UTLEIGE	SLAM	2 023	2 021
7020	Vedlikehold bil	1 352 900	277 100		1 630 000	1 607 680
7032	Vedlikehold anleggsmaskiner	439 900	90 100		530 000	505 262
7040	Vektavgifter/forsikring, bil, maskin, a	257 300	52 700		310 000	228 294
7041	Trygder, anleggsmaskiner	64 740	13 260		78 000	62 246
<i>Reisegodtgjersle o.l</i>						
7100	Bilgodtgjersle	-		-	-	4 130
7140	Reisekostn, ikkje oppgv.plikt	29 700		300	30 000	605
7141	Reisekostn. 10%				30 000	178
7145	Fergeutgifter	54 450		550	55 000	78 436
7150	Diettgodtgjersle, oppgv.plikt	6 564		66	6 630	955
7190	Øresavrunding					37
7210	Provisjonskostnader	6 630			6 630	6 602
<i>Sals og reklamekostn.</i>						
7300	Salskostnad					
7320	Informasjon	230 000			230 000	210 506
<i>Kontingent og gåver</i>						
7400	Kontigent, KS- NRF-REKOM	187 200		7 800	195 000	180 850
7430	Gåver					697
<i>Forsikringspremie, garanti og servicekostn.</i>						
7500	Forsikringar, bygg	311 040	170 100	4 860	486 000	162 868
7570	Skadeerstatning	30 000			30 000	30 627
7600	Lisens og patentkost					388
<i>Annan kostnad</i>						
7750	Eigedoms-festeavgift	39 650	24 700	650	65 000	23 306
7770	Gebyr, betalingsformidling	91 200		3 800	95 000	89 431
7790	Diverse	80 000			80 000	141 320
<i>Tap på krav</i>						
7800	Gev /tap v. Sal av anleggsmidd	-			-	
7820	Innkome på tidligare tap					
7830	Tap på krav	-			-	10 041
FINANSINNTEKT OG KOSTNAD						
<i>Finansinntekter</i>						
8040	Renteinntekt skattefri					
8050	Renteinntekter bank	-48 000		-2 000	-50 000	-259 520
8060	Agiogevinst					-167
8070	Renteinntekt andre					-31 656
8071	Aksjeutbytte		-300 000		-300 000	
<i>Finanskostnader</i>						
8140	Rentekostn. Ikkje fradrag					
8150	Renter på lån	3 375 000	1 875 000	107 143	5 357 142	1 563 324
8155	Andre rentekostnader	2 940		60	3 000	300
8160	Disagio					360
SUM KOSTNADER		38 249 640	9 460 470	1 500 902	49 409 621	42 627 034

Frå fond hushaldning

4 799 986